

# Vistelykkja

Av Knut Raastad, 2017



Vistelykkja låg lengst aust på uppigard Viste-jordet i Nordherad, på det jordet som er oppdyrka i nyare tid på grensa mot Helle.

Treskjæraren Anders Tassmyrhaugen 1790-1863 vart i 1852 gift andre gongen med Mari Erlandsdotter Skålen 1819-1896. Ho var ei eldre syster av sonekona hans. Mari hadde før ho var gift sonen Ola Hansen Lysåker (seinare Lunna i Lom) 1847-1929, faren var Hans Andersen Lysåker f. 1825 og Ola voks truleg opp hjå han. Anders og Mari flytte over Dipra og sette opp ei stugu som vart kalla Svastugu, men jorda var oppe i bakken sør for Dipra. Etter at Anders døydde i 1863 budde Mari og døtrene i 1865 i Kolgroven og Mari budde der også i 1875. Mari og døtrene flytte med seg stugu til Vistelykkja, Mari døydde der i 1896. Mari og Anders hadde 2 barn:

Barbro Andersdotter Visteløkken f.1853

Ingri Andersdotter Visteløkken 1855-1932

Barbro f.1853 budde på Kvarberg og i Dalen da barna vart fødde 1879, 1882 og 1891, men ved konfirmasjonar i 1894 og 1897 er dei nemnde som Visteløkken. Da yngste dottera vart konfirmert i 1905 er ho nemnd på Blossom. Barbro reiste til dottera i Sør-Dakota i USA i 1907, ho hadde 3 barn:

Ole Olsen f.1879, faren var Ole Olsen Storsteinen f.1850. I 1900 var han i Nordre Land.

Mari Syversdotter f.1882, faren var Syver Knutsen Storvikssæter f.1844.

Anne Olsdtr. f.1891, faren var Ole Knutsen Dalen f.ca.1846. Anne til Sør-Dakota i 1907.

I 1900 budde Ingri 1855-1932 i Vistelykkja saman med dottera. Seinare flytte Ingri med seg stugu til Kjøpanger, i 1910-folketeljinga er ho registrert i stugu på Kjøpanger-grunn med yrke «Bager Flatbrød». Ingri hadde 1 barn:

Mari Syversdotter 1887-1909, faren var Syver Olsen Næsset Skultbakken f.1856

Kjelder:

I. Flatum, Årbok 1981: Anders Tassmyrhaugen, s. 37

E.Grev, Årbok 1981: Muntleg overlevering um Tassmyrhaugjin, s. 49

A. Skrede, Årbok 1950: Anders Tassmyrhaugen, s. 48

Johannes Haugstad 1993: Varp og veft, s. 65

Folketelling 1900, 1910

Utvandrarlister